

GENERELLE OPPLYSNINGAR

Alle dei 3 faga er deltidsstudium inndelt i to semester, kvar på 15 studiepoeng. Studiet er tilrettelagt for å kunne kombinert med jobb eller andre studiar. Undervisninga er lagt til samlingar i Vestnorsk Kulturakademi sine lokale på Voss, dersom ikkje anna er presisert i programmet. Delfaga er forskingsbasert og nyttar den handlingsborne kunnskapen som eit sentralt pedagogisk element. Undervisninga skjer i form av førelesingar, ekskursjonar, samt praksis i akademiet sine verkstadar. Det vil vere mogleg å følgje studia utan å levere skriftlege arbeid, og/eller utan å gå opp til eksamen. Ein får då ikkje studiepoeng, men eit kursbevis dersom ein har tilstrekkeleg frammøte.

Studentane skal i løpet av studiet:

Tileigne seg eit pensum på 600-900 sider per semester.

Delemne 1 – gjennomføre ein 6- timars skriftleg eksamen.

Delemne 2 – skrive ei semesteroppgåve på 8-14 sider med relevant tema for den einskilde sitt interessefelt. Semesteroppgåva vert evaluert saman med ein munnleg eksamen.

Pris: Studieavgift kr. 10 000 per semester.

Semesteravgift og utgifter til bøker og litteratur kjem i tillegg.

Det må også påreknast kostnader knytte til reise og eventuelt opphald og mat i samband med samlingane. Me oppmodar den enkelte til å undersøkje moglegheitene for å søkje tilskot frå arbeidsgjevar, organisasjonar, støtteordningar for landbruket m.m. Det er også mogleg å søkje Statens lånekasse for utdanning.

Generell studiekompetanse eller realkompetanse er nødvendig for inntak.

Søknadsfrist til vårsemester: 15. desember.

Søknadsfrist til haustsemester: 15. juni.

Dersom det framleis er ledige plassar, tek me imot søknader fram til studiestart. Søknaden er bindande ein måned før studiestart. Studiet vert ikkje sett i gang med mindre enn 15 påmelde.

Studiestart januar/februar 2011 og august/september 2011.

VELKOMEN TIL VESTNORSK KULTURAKADEMI!

Slik finn du oss: Vestnorsk kulturakademi (VKA) ligg på Tvildemoen (sjå kart), og held til i husa frå den tidlegare militærleiren. Det tek 16-18 min å gå gjennom sentrum frå Voss jernbanestasjon til Tvildemoen. Bussen frå Sogn har stoppestad i Strandavegen, der du går vegen ned til venstre, kryssar elva Vosso og fortsett rett fram. Kjem du frå Hardanger tek du av ved Felleskjøpet (stor gul bygning ved hovudvegen) og køyrer gjennom øvste og midtre nivå av Tvildemoen og ned til bygningsmiljøet ved elva.



Søknadskjema og meir informasjon:

www.kulturakademi.no

Vestnorsk Kulturakademi, Magasinvg. 26, 5700 Voss
Telefon: 56 51 32 50 / 951 72 590
E-post: post@kulturakademi.no

Vestnorsk kulturakademi - Voss
Kulturbasert næringsutvikling • Etter- og vidareutdanning



**Studietilbod
2011**

www.kulturakademi.no

VKA har som hovudmål å ta vare på, formidle og vidareutvikle erfaringskunnskapen som ligg i den vestnorske kulturarven.

TEKSTILKULTUR

Eit samarbeid med Høgskolen i Bergen

Målet er å gje ei utdanning på høgskulenivå i tekstilfag med hovudvekt på tekstilkultur, det vil seie tekstilfaget sett inn i den store samanhengen.

Studiet omhandlar både tekstilar til klede, innreiring og anna bruk. Ein vil få innføring i ulike tekstile material, teknikkar og samanhengen mellom materialval, teknikkar, etterbehandling og bruksfelt. I tillegg vert det førelese i den kulturhistoriske utviklinga i faget.

Faget kan vera supplerande for studentar ved diverse kulturfaglege retningar ved universitet og høgskular. Studiet er også nyttig for handverkarar, handel og industri.

Tema for samlingane i vårsemester 2011:

Samling 1: Introduksjon, oversikt over fagfeltet, kulturvitenskaplege metodar.


Samling 2: Grunnleggjande kunnskap i tekstilmateriellære. Toving.

Samling 3: Grunnleggjande kunnskap om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 1. Spinning, tvinning, trådkonstruksjon. Repslaging, flette- og knyteteknikkar. Vev og vevteknikkar.

Samling 4: Grunnleggjande kunnskap om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 2. Strikking, saum, broderi mm.

Samling 5: Etterbehandling av tekstil; Farging, trykking, etterbehandling.

Eksamen: 6 timar skriftleg eksamen onsdag 8. juni 2011.



Utfyllande informasjon, samt tema for samlingar i haustsemesteret er å finna på heimesidene våre.

MAT KULTUR & REISELIV

Eit samarbeid med Høgskolen i Lillehammer.

Med ei veksande bevisstgjeringsom lokal mat og mattradisjonar stillast det store krav til kompetanse hjå dei som jobbar med produksjon og foredling på den eine sida, og hjå dei som driv med servering og formidling på den andre sida. Dette gjeld både private og offentlege aktørar. I tillegg til å fokusere på konservering, tillaging og konsumering av matvarene, omfattar studiet tankar, idear og førestillingar om mat og ernæring. Studiet legg vekt på at kunnskap om lokal mat og mattradisjonar gjev identitet, forståing og stoltheit til produsentane. Den same kunnskapen gjev også eit viktig grunnlag for produksjon og sal av verdfulle opplevingar i reiselivet.

Sentrale forelesarar er m.a. leiande fagpersonar som Astrid Riddervold og Ragnar Peder-sen.



Det vert gjennomført 3 samlingar per semester.

Tema under samlingar i vårsemesteret inkluderer bl.a.:

- Kultur, tradisjon og handlingsboren kunnskap.
- Kulturhistoriske perspektiv på mat gjennom historia.
- Nordmenns matvanar gjennom tidene.
- Drikkeskikkar – frå horn til halvliter.
- Mat som symbol og meining.
- Me bakar lefse og flatbrød.
- Mat som ein del av det heilskaplege reiselivsproduktet.
- Lokal mat og identitet.

Eksamen: 6 timar skriftleg eksamen i veke 23.

Utfyllande informasjon, samt tema for samlingar i haustsemesteret er å finna på heimesidene våre.

BYGGESKIKK & BYGNINGSVERN



Eit samarbeid med Universitetet i Bergen.

Faget skal gje ei innføring i ulike vestnorske byggeskikkar og antikvariske prinsipp innan bygningsvern. Vidare vert det praktisk formidling og øvingar i relevante handverksteknikkar. Faget er lagt opp som vidareutdanning for dei som driv innan restaurering, vedlikehald og vern av gamle bygningar. Det er òg retta mot eigarar av gamle bygningar og for tilsette i offentlig kulturadministrasjon, skule og museumssektor. I tillegg er faget ope for studentar frå universitets- og høgskulemiljø.

Våren 2011 tek me sikte på å gjennomføre del 2 av studiet byggeskikk og bygningsvern. Det er også høve for nye studentar å ta dette semesteret før del 1.

Tema for samlingane i vårsemesteret:

Samling 1: Natur- og kulturlandskapet: samspelet mellom landskap og byggeskikk.

Samling 2: Byggeskikken i historisk perspektiv.

Samling 3: Kulturminnevernet.

Samling 4: Vern i praksis.

Samling 5: Nyare byggeskikk i vest.

Eksamen: Studentane skal skrive ei semesteroppgåve på 8-14 sider med relevant tema for den einskilde sitt interessefelt. Semesteroppgåva vert evaluert saman med ein munnleg eksamen.

Du finn meir informasjon om dei ulike temaene og plan for haustsemesteret på heimesidene våre

www.kulturakademi.no